

Kommunane og fylkesmennene i landet

Dykkar ref.:
Sakshandsamar: **SIBEL**
Vår ref.: **09/663**
Dato: **15.12.2009**

Rundskriv IS-16/2009

Rundskriv om innføring av obligatorisk teneste i sjukeheim eller anna buform med heildøgns pleie og omsorg som del av praktisk teneste (turnusteneste) for legar i kommunehelsetenesta

Endring av forskrift om praktisk teneste (turnusteneste) for å få autorisasjon som lege vart fastsett 29. september 2009 og tek til å gjelde frå 1. januar 2010. I praksis vil denne endringa først gjelde for legar som tek til i turnusteneste i kommunane frå 15. februar 2010.

Forskrift om praktisk tjeneste (turnustjeneste) for å få autorisasjon som lege, § 4
Gjennomføring av og innholdet i den praktiske tjenesten, siste ledd, heiter nå:

Tjenesten i kommunehelsetjenesten skal i hovedsak utføres i klinisk allmennmedisin som innbefatter allmennmedisinske offentlige legeoppgaver. I turnustjenesten i kommunehelsetjenesten skal det inngå arbeid i sykehjem eller annen boform med heldøgns omsorg og pleie.

Helse- og omsorgsdepartementet har i brev av 12. oktober 2009 bede Helsedirektoratet følgje opp forskriftsendringa på eigna måte. Dette rundskrivet kjem i tillegg til rundskriv IS-9/2005 *Turnustjenesten for leger*.

I høringsnotatet frå Helse- og omsorgsdepartementet av 30. januar 2009 (vedlegg 1) er det peika på at det kan vere behov for nærmare utdjuping av mål i turnusforskrifta for å konkretisere innhald og omfang i krav til teneste i sjukeheim og annan bustad med heildøgns pleie og omsorg. Helsedirektoratet har difor fastsett eit tillegg i målbeskrivinga for praktisk teneste (vedlegg 2).

Ansvaret for å gjennomføre forskriftsendringa

Kommunen må syte for at det inngår arbeid i sjukeheim eller anna buform med heildøgns pleie og omsorg i den praktiske tenesta i kommunane.

Kommunen må sikre at avtale med den fastlegen som er vegleiar for turnusleggen også kan omfatte naudsynt vegleiing av teneste i sjukeheim. Dersom fastlegen sjølv ikkje er lege for sjukeheimen eller bustaden, eller av andre grunnar ikkje kan tilby vegleiing for denne delen av den praktisk tenesta, skal kommunen syte for at det blir laga avtale med legen for sjukeheimen slik at turnusleggen får naudsynt vegleiing i arbeidet. Høringsnotatet frå Helse- og omsorgsdepartementet seier følgjande:

Departementet legger til grunn at fastlegen, som veileder for turnusleggen og som har deltidsstilling som sykehemslege, sørger for at turnusleggen deltar sammen med fastlegen

Helsedirektoratet • «Soa_Navn»

«Sse_Navn»

«Sbr_Navn», tlf.: «Sbr_Tlf»

Postboks 7000 St. Olavs plass, 0130 Oslo • Besøksadr: Universitetsgata 2 • Tlf.: 810 20 050

Faks: 24 16 30 01 • Org. nr.: 983 544 622 • postmottak@helsedir.no • www.helsedirektoratet.no

under dennes tjenesteutøvelse på sykehjemmet. Dersom vedkommende fastlege ikke har deltidsstilling på sykehjem, forutsettes det at kommunen sørger for at turnuslegen tjenestegjør sammen med en annen fastlege, dvs den fastlege som har deltidsstilling på sykehjem.

Omfang av denne delen av turnustenesta

I Høringsnotat om endring i turnusforskriften – forslag om obligatorisk turnustjeneste i sykehjem for leger av 30. januar 2009, jf. vedlegg 1, heiter det mellom anna:

En nærmere konkretisering av kravene til tjeneste sykehjem, herunder innhold og omfang, vil det være naturlig å ta inn i målbeskrivelsen for turnustjenesten.

I vedlegg 2 til dette rundskrivet blir det gitt ei nærmere målbeskriving av tenesta.

Om utgiftene

I Prop. 1 S (2009-2010) fra Helse- og omsorgsdepartementet står det følgjande om tilskot til praktisk teneste for legar:

Formålet med tilskuddet er å kompensere for kommunenes ekstra kostnader i forbindelse med turnustjeneste for turnusleger.

Endring i forskrift til å omfatte praktisk teneste i sjukeheim eller anna buform med heildøgns pleie og omsorg fører ikke til ekstra statleg løyving.

Vennleg helsing

Jon Hilmar Iversen e.f.
fung. divisjonsdirektør

Sigrun Heskestad
fung. avdelingsdirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk

Vedlegg 1 Høringsnotat fra HOD av 30. januar 2009 om endring i turnusforskrifta
Vedlegg 2 Målbeskriving for praktisk teneste for legar i sjukeheim eller annan bustad med heildøgns pleie og omsorg

Kopi:

Helse- og omsorgsdepartementet Postboks 8011 Dep 0030 OSLO
Statens autorisasjonskontor for Postboks 8053 Dep 0031 OSLO
Helsepersonell